

# Eksamen

13.11.2019

LGA2001 Produksjon og tenesteyting / Produksjon og tjenesteyting

**Programområde:** Landbruk og gartnarnæring/Landbruk og gartnærning

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>· gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap</li><li>· forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar, bruke kunnskap/teori</li><li>· vurdere ein situasjon, sette løysingar opp mot kvarandre (drøfte), analysere deg fram til løysingar, grunngje val du gjer, og gjere greie for konsekvensar av vala dine</li></ul> <p>Den endelege vurderinga av besvarelsen skal vere ei heilskapleg vurdering av den samla prestasjonen din.</p>

## Case-utgangspunkt for oppgåva:

Lars har drive garden i 10 år. Han er agronom, og er gift med Lotte som er skogsmaskinførar.

- Dei har to barn som er 14 og 16 år gamle.
- Garden dei driv har følgjande ressursar:
- 200 dekar fulldyrka jord
- 20 dekar innmarksbeite
- 1000 dekar utmark, av dette er 300 dekar produktiv skog
- Det er vanskeleg å leige meir jord i området
- Eigedommen har gode moglegheiter for jakt og fiske.
- Driftsbygning for mjølk er frå starten på 1980-tallet. Dette er ein båsfjøs med plansilo, den er lite restaurert sidan den vart bygd. Delar av innreiinga er bytt ut. Det er mjølkekvote på 135 tonn mjølk.
- Reiskapshus og bustadhus er i middels god stand.

Kvar i Noreg garden ligg, og andre opplysingar du treng for å løyse oppgåvene nedanfor, må du forutsetje sjølv.

### Oppgåve 1

Lotte og Lars diskuterer om dei skal utvikle dagens driftsform, eller legge om til andre driftsformer på garden. Ein føresetnad er at all dyrka mark på garden skal drivast.

Gjer eit grunngitt val av framtidig driftsform og omfang av denne på garden.

### Oppgåve 2

a) Med utgangspunkt i oppgåve 1 skal du utarbeide ein plan for gjeremål på garden gjennom eit heilt år. Ta også med kva slags maskinar og anna du treng

b) Beskriv vedlikehaldsrutinar på ei av maskinene du bruker på garden.

### Oppgåve 3

a) Gjer greie for dei prinsipielle forskjellane mellom økologiske og konvensjonelle driftsformer.

b) Kva vil vere forskjellen i driftsmåte mellom økologisk og konvensjonell drift på valet du gjorde i oppgåve 1?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på at du kan:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>· gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap</li><li>· forklare hvordan noe henger sammen, gjøre rede for løsninger, bruke kunnskap/teori</li><li>· vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte), analysere deg fram til løsninger, begrunne valg du gjør, og gjøre rede for konsekvenser av valgene dine</li></ul> <p>Den endelige vurderinga av besvarelsen skal være en helhetlig vurdering av den samlede prestasjonen din.</p>

## Case-utgangspunkt for oppgaven:

Lars har drevet gården i 10 år. Han er agronom, og er gift med Lotte som er skogsmaskinfører.

- De har to barn som er 14 og 16 år gamle.
- Gården de driver har følgende ressurser:
- 200 dekar fulldyrket jord
- 20 dekar innmarksbeite
- 1000 dekar utmark, herav 300 dekar produktiv skog
- Det er vanskelig å leie mer jord i området
- Eiendommen har gode muligheter for jakt og fiske.
- Driftsbygning for melk er fra begynnelsen på 1980-tallet. Dette er en båsfjøs med plansilo, den er lite restaurert siden den ble bygd. Deler av innredning er byttet.
- Det er melkekvote på 135 tonn melk.
- Redskapshus og bolighus er i middels god stand.

Hvor i Norge gården ligger, og øvrige opplysninger du trenger for å løse oppgavene nedenfor, må du forutsette selv.

### Oppgave 1

Lotte og Lars diskuterer om de skal utvikle dagens driftsform, eller legge om til andre driftsformer på gården. En forutsetning er at all dyrket mark på gården skal drives.

Gjør et begrunnet valg av framtidig driftsform og omfang av denne på gården.

### Oppgave 2

a) Med utgangspunkt i oppgave 1 skal du utarbeide en plan for gjøremål på gården gjennom et helt år. Ta også med hva slags maskiner og annet du trenger

b) Beskriv vedlikeholdsrutiner på en av maskinene du bruker på gården.

### Oppgave 3

a) Gjør rede for de prinsipielle forskjellene mellom økologiske og konvensjonelle driftsformer.

b) Hva vil være forskjellen i driftsmåte mellom økologisk og konvensjonell drift på valget du gjorde i oppgave 1?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)